



---

## Notat

---

Til: Jarle Landås, Mette Fauskanger

Kopi til:

Saksbehandler: Økonomisjef/Sveinung Kvamme

Vår referanse: 17/384 - 40 / TI - &13, FE - 000

Dato: 12.06.2017

---

### Emne: Høringsnotat startlån - obligatorisk bruk av saksbehandlingsløsning

Det ligg føre eit høringsnotat frå KMD om endring av forskrifta for startlån. Endringa går ut på at Husbanken si elektroniske sakshandsamingsløsning skal bli obligatorisk frå 1.1.2020.

Kommunane nyttar i ulik grad Husbanken si løysing i dag. Den nye løysinga er moderne, og gir meir effektiv handsaming. På den andre sida må ein då følgja handsamingsreglane meir nøye enn ein tidvis har gjort.

Handsaming av startlånssøknader har lagt til økonomisjef sidan 2013. Dette var tenkt som ei mellombels løysing, inntil ein fekk på plass ein permanent sakshandsamar. Radøy kommune sine lokale retningsliner for startlån, kombinert med avgrensa rammer, gjer at vi har heller få søknader og ein heller stor del av desse vert avslegne.

Vi brukar ikkje Husbanken si løysing, men søknader vert overført elektronisk frå Husbanken til WebSak, og handsaming vert gjort i WebSak.

Meland tildelte i fleire år ikkje startlån. Lindås har eigne sakshandsamarar for startlån, så vidt eg veit.

Eg legg til grunn at handsaming av startlån vert lagt til eit eige «kontor» i ny kommune, og at Husbanken sin løysing vert nytta der. Førebuing til bruk at Husbanken si løysing høyrer difor naturleg inn i arbeidet med bygging av ny kommune i løpet av 2019. Endringa får såleis minimal innverknad for Radøy kommune for perioden 2017-19, og eg legg ikkje opp til noka endring av dagens praksis i denne perioden.